

# Foreldreundersøkinga i barnehagen – Informasjon til foreldre

## Kva er formålet med Foreldreundersøkinga i barnehagen?

Foreldreundersøkinga i barnehagen gir deg som forelder høve til å seie di meining om korleis du opplever barnehagetilbodet og barnas trivsel i barnehagen. Resultata frå undersøkinga blir lagra og brukte av barnehagen, barnehageeigaren og dei statlege utdanningsmyndigheitene for å analysere og utvikle kvaliteten i barnehagen.

Resultat frå undersøkinga kan også bli brukt til forskning og statistikk og til lagring i arkiv.

Utdanningsdirektoratet publiserer statistikk frå undersøkinga på [www.udir.no](http://www.udir.no) og [www.barnehagefakta.no](http://www.barnehagefakta.no).

## Korleis blir undersøkinga gjennomført?

Det er frivillig å svare på undersøkinga. Du kan også hoppe over spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

## Behandlingsansvar og personvern

Utdanningsdirektoratet er ansvarleg for at dine kontaktopplysningar og dine svar blir behandla i tråd med personvernregelverket. Vår databehandlar Conexus driftar det tekniske i undersøkinga for Utdanningsdirektoratet, og dei må følgje same regelverk.

Når du svarer, skriv du ikkje namn og det er heller ikkje knytt personnummer til svara dine. Det er derfor vanskeleg å finne ut kven som har svart kva i undersøkinga. I nokre få tilfelle (eksempelvis ved små skolar), kan det likevel vere ein risiko for at nokre kan kjenne att kven som har svart kva. Derfor har Utdanningsdirektoratet svært strenge reglar for å vise resultat frå undersøkinga til barnehagen, barnehageeigaren og dei statlege utdanningsmyndigheitene. Resultat frå undersøkinga skal ikkje publiserast på ein måte som gjer det mogleg å kjenne att svara dine. Svara blir oppbevarte så lenge det er nødvendig.

I dei tilfella Utdanningsdirektoratet leverer ut svara til forskning, må forskarane følgje direktoratet sine reglar for behandling av personopplysningar og teieplikt, og dei må skrive under på ei teieplikterklæring.

## Rettsleg grunnlag for behandling av personopplysningar

Når du svarer på Foreldreundersøkinga i barnehagen, samtykker du til deltaking i undersøkinga og til at svara dine kan brukast til analyse og utvikling av kvaliteten i barnehagen. Det rettslege grunnlaget for dette er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav a og art. 9 nr. 2 bokstav a.

Du kan trekke samtykket ditt fram til gjennomføringsperioden for undersøkinga er over. Å trekke tilbake samtykket påverkar ikkje lovligheita av allereie utførte behandlingar. Når gjennomføringsperioden er over, blir koplinga mellom påloggingskoden/-lenka di og det du har svart broten. Dette inneber at du ikkje kan trekke samtykket ditt, krevje innsyn i, retting i eller sletting av svara, fordi svara dine ikkje lenger kan knytast direkte til deg.

Rettsleg grunnlag for forskning, statistikk og lagring i arkiv er personvernforordninga art. 6 nr. 1 bokstav e og art. 9 nr. 2 bokstav j. Personopplysningsloven §§ 8 og 9 er det supplerande nasjonale rettsgrunnlaget.

**Har du spørsmål?**

For meir informasjon kan du ta kontakt med barnehagen din eller Utdanningsdirektoratet. Kontaktinformasjon til Utdanningsdirektoratet:

**Telefon:** +47 23 30 12 00

**E-post:** [post@udir.no](mailto:post@udir.no)

Du finn også mykje informasjon på [www.udir.no/undersokelser](http://www.udir.no/undersokelser). Spørsmål om personvern kan rettast til Utdanningsdirektoratet sitt personvernombod på: [personvernombud@udir.no](mailto:personvernombud@udir.no) .

Datatilsynet er klageinstans for behandlinga av personopplysningar i Foreldreundersøkinga i barnehagen. Du finn meir informasjon på:

<https://www.datatilsynet.no/om-datatilsynet/kontakt-oss/klage-til-datatilsynet/>